



Bergen og Omland Havnevesen  
Postboks 6040  
5892 Bergen

Referanser:

Dykkar: c2d62bc0-f2f6-4f43-a49d-  
ac3f7c1e75ec

Vår: 17/2685 - 18/2643

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

30.01.2018

## Løyve til oppføring av naust - gbnr 239/41 Eknes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 043/18**

**Tiltakshavar:** Svein Olav Heggernes

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med opptrekk, der bygd areal (BYA) er opplyst til å vera 30 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad om løyve motteken 31.08.2017 og supplert med dispensasjonssøknad 23.10.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då den var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til Svein Olav Heggernes ved brev av 21.09.2017.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 23.10.2017, der det også vart bedt om at byggesøknad ikkje vert handsama før dispensasjonsspørsmålet er avklart. 12 januar kom godkjenninga frå Bergen og omland havnevesen og frist for handsaming av løyve til tiltak etter pbl er 3 veker – 02.02.2018.

### Planstatus

Gjeldande plan er reguleringsplan for del av Eknesvåg frå 1995. Arealføremålet er naust. Tiltaket er i samsvar med føremålet, men planen har ikkje byggegrense mot sjø.

### Dispensasjon

Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8 vart godkjent i administrativt vedtak (saknr. 560/17) datert 28.11.2017.

### Uttale frå anna styresmakt

Bergen og omland havnevesen har godkjent tiltak i sjø (opptrekket) etter hamnelova i vedtak datert 12.01.2018.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

**Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo. Det ligg føre skriftleg samtykke frå dei to næraste naboane til å bygga 0,7 og 1,2 meter frå nabogrensa.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt søknad motteken 31.08.2017

**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg gang tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Vegrett går fram av framlagt skyldskifte.

Kommunen kan godta at du har biloppstillingsplass på bustadeigedommen din, gbnr 238/22 og 58, ca 500 m frå naustet. Helst bør du tinglysa det som ein rett. Du må i alle fall syta for at naustet er sikra biloppstillingsplass ved eventuelt sal av nausteigedommen.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

**Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

**Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VURDERING****Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

**Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil komma i konflikt med naturmangfaldslova.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av naust med opptrekk på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 31.08.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Med heimel i pbl § 23-1 vert det gjort unntak for krav om ansvar og kontroll, fordi tiltaket har liten teknisk vanskegrad.

Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen med søknad om ferdigattest.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2685**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	Bergen
Svein Olav Heggernes	Eidavegen 224	5993	OSTEREIDET
Synnøve Øren	Eidavegen 224	5993	OSTEREIDET